

# Møtebok 3 11.03.2020 Lykling sokneråd

**Dag:** Ons 11.03.20

**Tid:** kl 17:30

**Stad:** Lykling kyrkje

## Rådsmedlem:

Inger Sele, Fridleif Lydersen, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjå, Elisabeth Bjørnevik, Astrid L. Sakseid, Sissel S. Gåsland

## 1.vara:

Arne Thorsen

Opningsord av Elisabeth. Ho les frå norsk bønnebok i salmeboka

## Saksliste:

**Sak 21-20 Godkjenning av referat og innkalling.**

Godkjent.

**Sak 22-20 Meldingar og skriv – samt avklaring på saker frå sist soknerådsmøte**

- Frå Trygve: Innrapportering av behov frå sokneråd til fellesråd. Soknerådet tek dette på neste møte 15.april.
- Invitasjon frå Estland komiteen: Me måtte takka nei til invitasjonen grunna årsmøte i soknet.  
Siste: delegasjonen frå Estland kjem ikkje grunna fare for Korona smitte.
- Nytt medlem til Estland komiteen for dei neste 4 åra: Anne Grete Espevik har takka nei.
  - Heidi spør: Beate Stautland, Margunn og Ola Ersland
- Invitasjon frå sokneprestane F.L. og A.L. til tekstlesarkurs i april.
  - Kyrkjevertane får ofte tilbod om å lese eine teksten, og det er då naturleg å gje kyrkjevertane tilbod om å delta på tekstlesarkurset.
  - Frå soknerådet deltek Inger, Elisabeth, Sissel og Fridleif.
- Julie Urangsæter har sagt ja til å spela fløyte i kyrkja Palmesøndag eller Skjærtorsdag. Øystein har fått melding frå Inger med tlf nr til Julie. Han bestemmer kva dag Julie skal spela.
  - Øystein har per i dag ikkje teke kontakt med Julie. Ho ønsker at han skal finne kva salme/song ho skal spele.
- Styret for Våge korps har sagt ja til å spela i kyrkja på 17.mai.
- Skulen v/Margrethe Hope har fått spørsmålet om å stille med eit skulekor(5.-7.)trinn i kyrkja 17.mai. Skulen har svara nei: lærarane har fri 17.mai og skulen ønsker heller ikkje å bli ein del av diskusjonen rundt kor nasjonaldagsgudstenesta skal feirast.
- Lydius har takka ja til å delta under gudstenesta 17.mai.

**Sak 23-20 Årsmøte Lykling 15.03.20 – etter gudstenesta**

Rekneskap og årsmelding er klart. Budsjett vert sett opp på neste møte.

Det vert ingen servering grunna smittesituasjonen, og det er uavklart om me får halda gudsteneste og årsmøte i det heila.

**Sak 24-20 Skjærtorsdag, 9.april**

Kveldsmåltid etter gudstenesta går ut grunna vedtak om ingen servering i kyrkja grunna smittesituasjonen.

**Sak 25-20 Konfirmantane 2019/20 – 2020/21**

**Fasteaksjonen**, 31.mars 2020 kl 17 – 19.

**Me avventer kva som skjer.** (Kreftforeninga sin bøsseaksjon den 15. vert no gjort om til nettaksjon).

**Kimen**, siste arrangement før konfirmasjonen mai 2020. Tur til Klatreparken på Nedstrand. Arild Selle har sagt ja til å kjøra folkehøgskulen sin buss. Han sjekkar om den er ledig for utlån. Grethe og Karsten Kallevåg er med saman med Arild og Inger. Invitasjon v/Inger går ut til konfirmantane i siste halvdel av mars.

Siste: Arild Selle må jobbe den laurdagen, så me står uten sjåfør. Uvisst om det er så lurt å samle konfirmantane i ein minibuss og køyre til klatreparken.

Vedteke at det i staden vert padletur i Finnåsvatnet. Inger gjer avtale med friluftsrådet om lån av kano.

(Merknad: Etter møtet fekk me beskjed om at Arild likevel kunne vere sjåfør til Nedstrand. Via telefonkontakt vart me samde om å invitera konfirmantane til klatreparken dersom slike utflykter kan gjennomførast med tanke på smittesituasjonen).

Kimen ligg inn under soknerådet og dermed bør og soknerådet vera ansvarleg for økonomien. Vedteke at soknerådet overtek kontoen til Kimen frå 01.01.2020. Linda tar ansvar for at dette vert gjort rett.

**Konfirmantane og Kimen 2021.**

Vedteke å prøve med tre samlingar også for det neste kullet.

Me ønsker å halda fram med same aktivitet dette året:

haust: dykkarklubben

vinter: lysmessa m/graut i etterkant

vår: klatreparken/kano

Inger kan ta ansvar for organiseringa.

**Konfirmasjonsgudstjeneste 2021:** Fridleif ønsker å ha gudstjeneste både lørdag og søndag i staden for to på søndagen. Soknerådet vedtek at ein held på tidlegare ordning med to gudstenester på søndagen.

Soknerådet reagerer på at Lykling ikkje får eige informasjonsmøte til neste års konfirmantar. I år vert dette møtet slått saman med Bremnes sokn sitt møte i Bremnes kyrkje. Me ber Fridleif vidareformidla vårt synspunkt vidare til Kyrkjekontoret.

#### **Sak 26-20 Temakveldar hausten 2020**

Vedteke at den siste temakvelden i vår går ut grunna smittesituasjonen.

Fridleif foreslår 3 temakveldar til hausten, 03.09., 01.10. og 05.11. Han tek ein temakveld sjølv, og spør om soknerådet har forslag til andre me kan spørja.  
Kva for tema kan me ønska oss?

- Ønskekonsert der me kjem med salmeønsker for kvelden.
- Innspel frå Astri om å lesa evangelia i sin heilheit i løpet av ein periode.

#### **Sak 27-20 Visjon for Lykling kyrkje og soknet**

*Me ønsker å arbeide ut ein visjon for soknet. Prosessen er sett i gong, og me jobbar videre med det.*

Kva for mål skal me ha å jobba mot dei neste 4 åra?

Me tek opp tråden frå tidlegare møter dersom tid.

#### **Sak 28-20 Ymse**

\* Fridleif informerte om tiltak og restriksjonar pga koronaviruset. For Lykling sin del inneber det at det kan maks vera 60 stk til stades på arrangement i kyrkja inntil vidare.

Dette kan medføre ein del problem i forhold til gravferder:

- Seremonien må kanskje flyttast til Bømlo el Bremnes
- Pårørande kan få tilbod om å ha gravferd i Lykling, med restriksjonane som vert lagt.

\* Beredskap i høve brann/ tjuveri i kyrkja. Me treng ein til to personar til å stå på ringelista dersom alarmen går. Me er einige om at det bør vera nokon som bur nær kyrkja. Kven kan me spørja, og kven har høve til å ta ansvar for den saka?

- Arne spør om Halvor Landmark, Ståle Skjetne, Nils Audun Fjellheim

\*Soknerådet vil sende inn forslag til frivillighetsprisen til hausten ved å nominera folk i kyrkjelyden. Vert sett opp som sak på soknerådsmøte i vår/forsommar.

**Neste soknerådsmøte onsdag 15.april kl 17:30. Linda er vertinne**

